



## **Sogn og Fjordane fylkeskommune** Overordna analyse for plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020

September 2016

«Overordna analyse for plan for  
forvaltningsrevisjon»

August 2016

Rapporten er utarbeidd for Sogn og  
Fjordane fylkeskommune av  
Deloitte AS.

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen,  
5892 Bergen  
tlf: 51 21 81 00

# Innhold

1. Innleiing	4
2. Oversikt over identifiserte risikoområde	7
3. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt	22
4. Tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt	24
Vedlegg 1: Utvalde KOSTRA-tal	27

# 1. Innleiing

Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon. Dette dokumentet er eit analysegrunnlag som skal danne grunnlag for kontrollutvalet sitt arbeid med plan for forvaltningsrevisjon for 2016-2020.

For at kontrollutvalet sin nye plan skal spegle dei viktigaste områda i fylkeskommunen der det er behov for forvaltningsrevisjon, har Deloitte i samarbeid med kontrollsjef i Sogn og Fjordane fylkeskommune, gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering (overordna analyse) av verksemda til fylkeskommunen. I prosessen med den overordna analysen har det blitt lagt opp til involvering, både av kontrollutvalet, fylkesadministrasjonen og politiske organ.

Analysen er av overordna karakter, og i stor grad basert på innspel som har komme fram gjennom intervju, spørjeundersøking og gjennomgang av tilgjengeleg skriftleg informasjon. Informasjon som har komme fram i intervju og spørjeundersøking er bare i avgrensa grad verifisert av fylkeskommunen i denne analysen. Informasjonen er i analysegrunnlaget brukt som indikasjon på risikoforhold som eventuelt bør eller kan følgast opp/undersøkast i ein forvaltningsrevisjon dersom kontrollutvalet og fylkestinget vedtar dette.

## 1.1 Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon

I forskrift om kontrollutval § 10 går det fram at:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv, som kan delegerere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Det er også eit krav om at planen skal vere basert på ei overordna risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

Føremålet med den overordna analysen er å skaffe relevant informasjon om fylkeskommunen si verksemd, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritere mellom ulike område kor det kan vere aktuelt å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon.

Den overordna analysen skal avdekke indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltninga, sett i forhold til regelverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser «risiko» til sannsynligheit for og konsekvensane av at det kan førekomme avvik frå for eksempel regelverk, mål, vedtak og andre føringar som fylkeskommunen har sett for verksemda.

Risiko bør vurderast innanfor alle fylkeskommunen sine vesentlege tenesteområde. På bakgrunn av denne risikoanalysen blir det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt. Det er kontrollutvalet må avgjere kva prosjekt dei ønskjer å prioritere i sin plan for forvaltningsrevisjon.

I regelverket går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at verksemda blir gjenstand for forvaltningsrevisjon, og er ansvarleg for å bestille forvaltningsrevisjon av revisjonen. Bestilling av prosjekt for forvaltningsrevisjon skal som hovudregel ta utgangspunkt i utarbeidd plan for forvaltningsrevisjon som er vedtatt av fylkestinget.

I kommunelova § 77 er forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader. Tema for forvaltningsrevisjon kan bl.a. vere å (jf. forskrift om revisjon § 7):

- vurdere om forvaltninga bruker ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med fylkestinget sine vedtak og føresetnader
- vurdere om forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive for å nå måla som er satt på området
- vurdere om regelverket blir etterlevd
- vurdere om forvaltninga sine styringsverktøy og verkemiddel er hensiktsmessige
- vurdere om saker frå administrasjonen til dei politiske organa er tilstrekkeleg utgreidde
- vurdere om resultatata i tenesteproduksjonen er i tråd med fylkestinget sine føresetnader og/eller om resultatata for verksemda er nådd

I praksis har kontrollutvalet stor fridom til å definere korleis prosjekta skal utformast gjennom føremål og problemstillingar. Forvaltningsrevisjon kan gjennomførast innanfor alle tenesteområda i fylkeskommunen. Men i følge forskrifta skal gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skje i samsvar med god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standardar på området. Det skal også etablerast revisjonskriterium for det enkelte prosjekt.

## 1.2 Metode for gjennomføring av overordna analyse

### 1.2.1 Dokumentanalyse

Dokumenta som er gjennomgått omfattar m.a.

- Årsrapport Sogn og Fjordane fylkeskommune 2014
- Årsrapport Sogn og Fjordane fylkeskommune 2015
- Rekneskap 2014, FT-sak 11/15
- Budsjett 2016/økonomiplan 2016 – 2019, FT-sak 68/15
- Årsplan
- Handlingsplanar
- Regional planstrategi 2012 – 2016
- Regionale planar (transport, skulebruk, verdiskaping, folkehelse, idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, kystområda)

### 1.2.2 Statistikk

Offentleg statistikk er henta frå KOSTRA, og viser tal frå tenesteområda som er gjennomgått i analysen. KOSTRA gjer det mogleg å samanlikne tall som gjeld for fylkeskommunen med gjennomsnittet for andre fylkeskommunar (utanom Oslo).

### 1.2.3 Intervju

Det er gjennomført intervju med eit utval administrative og politiske leiarar i fylkeskommunen. Vi har gjennomført intervju med

- fylkesrådmann
- assisterande fylkesrådmann
- fylkesdirektør for opplæring
- fylkesdirektør for næring og kultur
- fylkesdirektør for samferdsle
- konst. fylkesdirektør for tannhelse
- plansjef
- informasjonssjef
- innkjøpssjef
- fylkesordførar
- fylkesvaraordførar
- leiar for hovudutval for opplæring
- leiar for hovudutval for samferdsle

#### 1.2.4 Spørjeundersøking

Det er sendt ut ei elektronisk spørjeundersøking til einingsleiarar i fylkeskommunen (som ikkje blei intervjuet). Spørjeundersøkinga blei sendt ut til 69 leiarar og vi fekk svar frå 30 leiarar innan fristen (43 prosent). Det er også sendt ut ei spørjeundersøking til hovudtillitsvalte og hovudverneombod, 5 personar har svart, noko som utgjer 33 prosent av dei som fekk undersøkinga. Spørjeundersøkinga blei også sendt ut til medlemene av fylkestinget. Ni har svart på undersøkinga, noko som utgjer 36 prosent. I spørjeundersøkinga blei det mellom anna stilt spørsmål om kva område i fylkeskommunen ein meiner det er knytt særskilt risiko til.

#### 1.2.5 Prosessmøte i kontrollutvalet

Innleiingsvis i prosessen blei det gjennomført eit risikospel i kontrollutvalet der det ble gjort ei systematisk vurdering av risiko innanfor dei ulike tenesteområda i fylkeskommunen. Informasjonen frå prosessmøtet er tatt inn som ein del av datagrunnlaget for rapporten.

### 1.3 Lesarrettleiing

Innspela som er samla inn i samband med den overordna analysen er systematisert og framstilt i dette dokumentet. Dokumentet er meint som eit grunnlag for kontrollutvalet for å velje ut og prioritere forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Risikovurderingane og forslag til prosjekt er basert på ein overordna gjennomgang av fylkeskommunen sine tenesteområde.

I kapittel 2 presenterer vi oversikta over identifiserte risikoområde som er eit resultat av undersøkinga vi har gjort i samband med analysearbeidet.

Risikovurderingane dannar grunnlag for forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekta blir presentert i kapittel 3. Forslaga til prosjekt er ikkje presentert i prioritert rekkefølge. Prioritering og val av prosjekt skal kontrollutvalet gjere. Kontrollutvalet står også fritt til å legge til og/eller ta vekk prosjekt i forhold til lista som her er presentert. Endeleg prioritering av prosjekt blir framstilt i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020, som skal leggjast fram for fylkestinget.

I kapittel 4 presenterer vi ei oversikt over tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar.

KOSTRA-tala vi har gjennomgått er lagt ved som vedlegg til rapporten.

## 2. Oversikt over identifiserte risikoområde

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon vil vi i dette kapitlet oppsummere og vurdere risiko for manglende produktivitet, måloppnåing, regeletterleving og effektivitet som er identifisert innan dei respektive områda i Sogn og Fjordane fylkeskommune som er gjennomgått.

Risikonivå er i tabellane nedanfor farga med raudt som representerer høg risiko eller gult som representerer middels risiko:

Fargesymbol	Skildring av vurdering av risiko
	<b>«Høg risiko»</b> På område som er merka med raudt meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere høg risiko for anten manglende produktivitet, måloppnåing, regeletterleving eller effektivitet. Vurdering av årsak (sannsynlegheit) og verknad (konsekvens) danner grunnlag for Deloitte si risikovurdering for kvart område.
	<b>«Middels risiko»</b> På område som er merka med gult meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere middels risiko for anten manglende produktivitet, måloppnåing, regeletterleving eller effektivitet. Vurdering av årsak (sannsynlegheit) og verknad (konsekvens) danner grunnlag for Deloitte si risikovurdering for kvart område.


Det er viktig å påpeike at risikovurderingane er skjønnsmessige, og vurderingar er basert på føreliggande informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er foreslått her. Det er derfor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølga for forvaltningsrevisjonsprosjekt i den planen som blir lagt fram for fylkestinget.

Vi vil understreke at ikkje all informasjon som går fram er verifisert av fylkeskommunen, og bør derfor ikkje nyttast som fakta utan at ytterlegare undersøkingar er gjennomført.

### 2.1 Sektorovergripande oppgåver (økonomi og organisasjon)

Fylkesrådmannen har ei leiargruppe som omfattar assisterande fylkesrådmann, økonomidirektør, plansjef og fylkesdirektørar for opplæring, samferdsle og næring og kultur.

**Figur 1: Organisasjonskart – administrativ organisering Sogn og Fjordane fylkeskommune.**



Stabsfunksjonar knytt til fylkesrådmannen omfattar m.a. personal-, juss- og informasjonsrådgjevarar. I tillegg er IKT, eigedom og driftsavdeling organisert som støttefunksjonar under fylkesrådmannsnivået. Økonomisjefen leiar, i tillegg til det sentrale økonomi- og budsjettarbeidet, innkjøpstenesta og løn- og rekneskapsstenesta. Plansjefen leiar gruppa «plan og samfunn», som m.a. arbeider med planar, rådgiving til kommunane i planarbeid, analyse og kartdata.

Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar balansert målstyring. Det går fram av økonomiplan og budsjett 2016 – 2019 at dette styringssystemet inneheld tre fokusområde:

- medarbeidarar og organisasjon
- tenesteyting
- regional utvikling



Gjennom den balanserte målstyringa tek fylkeskommunen i bruk eit målekart som dokumenterer «kjerneinnhaldet» i styringssystemet. Det er eitt felles målekart der dei tre fokusområda ligg fast for alle organisatoriske einingar og sektorarar. Kvar sektor har identifisert inntil seks suksessfaktorar innan områda. Vidare vert det utarbeidd måleindikatorar og tilhøyrande ambisjonsnivå for kvar av suksessfaktorane.

Det går fram av m.a. årsrapport og budsjett/økonomiplanar at fylkeskommunen har ein utfordrande økonomisk situasjon der ein har vore nøydd til å ta ulike grep for å redusere driftskostnader. Dette vert også påpeikt i fleire intervju og i spørjeundersøking. Generelt sett kjem det fram på tvers av fleire område at dette fører til at einingar må gjere hardare prioriteringar, og det vert i fleire tilfelle peikt på at dette går særleg ut over ulike former for utviklingsarbeid og administrative/systemretta oppgåver.





KOSTRA-tala viser at Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt ein nedgang i brutto og netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter frå 2013 til 2015. I 2014 ligg Sogn og Fjordane fylkeskommune under gjennomsnittet for alle fylkeskommunar i landet utanom Oslo, medan dei i 2013 og 2015 ligg over dette gjennomsnittet. Det går vidare fram av KOSTRA-tala at Sogn og Fjordane fylkeskommune har høgare netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter, men lågare langsiktig gjeld samanlikna med gjennomsnittet for alle fylkeskommunane i landet (sjå tabell 1 i vedlegget).




Under følgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekt knytt til sektorovergripande område i denne undersøkinga:



Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Innkjøp	<p>I årsrapport for 2014 går det fram at e-handel har vist seg å vere eit stort omstillingsarbeid for fylkeskommunen, og i årsrapport for 2015 kjem det fram at innføring av e-handel har teke tid.</p> <p>Det vert også peikt på i undersøkinga at konsekvensane for feil og manglar i konkurransar kan vere svært omfattande, både økonomisk og omdømmemessig for fylkeskommunen.</p> <p>Det er også viktig å ha gode nok kontrollrutinar for å minske risikoen for sosial dumping og sviktande HMT-rutinar hjå leverandørar og tredjepartar/underleverandørar</p> <p>Det vert påpeikt i undersøkinga at innkjøp er eit sårbart område der det potensielt kan vere fare for mislegheiter.</p>	<p>Risiko for at ein ikkje når dei ønskje effektane med innkjøpsarbeidet.</p> <p>Risiko for brot på regelverket og mislegheiter</p>	<p>Det vart gjennomført ein forvaltningsrevisjon av innkjøp i 2012-2013.</p> <p>Kontroll av leverandørar vart påpeikt som eit risikoområde i den overordna analysen frå førre periode (2011-16)</p> <p>Det vert påpeikt i intervju at opplæringsavdelinga gjennomfører ein høvesvis stor del av kjøpa i fylkeskommunen, og at det kunne vere naturleg å sjå spesifikt på denne avdelinga.</p>	
Økonomistyring og rutinar	<p>Knappe ressursar og innsparingskrav set ekstra krav til god økonomistyring.</p> <p>Innanfor den sentrale økonomifunksjonen har ein ei tid hatt ei bemanningsutfordring.</p>	<p>Risiko for at ein ikkje klarer å halde budsjett</p> <p>Risiko for at ein ikkje i tilstrekkeleg grad klarer forutsjå budsjettavvik tidleg nok</p>	<p>Økonomistyring vart peikt på som eit risikoområde i den overordna analysen frå førre periode (2011-16)</p> <p>Det vert påpeikt at det er god kompetanse blant dei som arbeider i økonomitjenestene, sjølv om ein har hatt ei redusert bemanning.</p>	

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Universell utforming	<p>Universell utforming er eit tema som grip inn i fleire sider ved fylkeskommunal drift og tenester, frå kollektivanbod til planarbeid og utforming av fylkeskommunen sin nettstad.</p> <p>Det går fram av budsjett og økonomiplan 2016-2019 at det skal takast omsyn til universell utforming i heile den fylkeskommunale verksemda.</p>	Risiko for at det er område der målet om universell utforming ikkje vert oppfylt.		Universell utforming vart peikt på som eit risikoområde i den overordna analysen i førre periode (2011-16).
Internkontroll	<p>Det kjem fram i undersøkinga at enkelte opplever at system for avviksregistrering og avviksoppfølging ikkje er tilfredsstillande.</p> <p>Det kjem også fram at det kan vere utfordrande å prioritere utvikling av kvalitets- og internkontrollsystem.</p> <p>Vidare vert det påpeikt at det er viktig med robuste internkontrollrutinar knytt til økonomiområdet.</p> <p>Det går også fram av undersøkinga at det er noko usikkerheit om kor godt dei etiske retningslinjene er implementert i organisasjonen.</p> <p>Det kjem fram at det er varslingsrutinar, og at bedriftshelsetenesta har ei rolle i handtering av varslings saker, men det er ikkje noko varslingskomite eller ekstern varslingskanal.</p>	<p>Mangelfull handsaming av avvik aukar risikoen for at uønskete hendingar ikkje vert avdekt eller følgt opp på ein god måte.</p> <p>Manglande internkontrollrutinar kan auke risikoen for mislegheiter.</p>		Internkontroll står på uprioritert gruppe i plan for forvaltningsrevisjon (2011-16).

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Balansert målstyring	<p>I undersøkinga vert det stilt spørsmål ved om den balanserte målstyringa fungerer etter intensjonen.</p> <p>Det vert peikt på, frå enkelte einingar, at nokre av måla er vage, eller at ein ikkje har tilgjengelege verkemiddel for å nå måla.</p>	<p>Risiko for at styrings-systemet ikkje fungerer på ein effektiv måte.</p> <p>Risiko for dårleg ressursutnytting</p>		Systemet for balansert målstyring har vorte forenkla i samband med budsjett og økonomiplan for 2016-2019.
Arkivering og offentlegheit	<p>Det kjem fram i undersøkinga at enkelte opplever at det nye sakshandsamingssystemet er lite brukarvenleg.</p> <p>Det kjem vidare fram at det er risiko for at ikkje all dokumentasjon (m.a. e-post) som skulle vorte arkivert/journalført blir det.</p>	<p>Risiko for at dokumentasjon går tapt eller ikkje kan finnast lett når ein har behov for det.</p> <p>Risiko for at ålmenta ikkje får innsyn slik dei har krav på etter reglane i offentleg-lova.</p>		Arkivering, offentlegheit og personvern står på uprioritert gruppe i plan for forvaltningsrevisjon (2011-16).
Informasjons-tryggleik	Stadig meir informasjon vert handsama i ulike elektroniske system. Dette gjeld også ulike former for personsensitiv og fortruleg informasjon.	Manglande oversikt og kontroll over informasjonen som fylkeskommunen handterer kan føre til at opplysningar kjem på avvegjar, eller at viktig informasjon forsvinn eller blir utilgjengeleg.		Informasjonstryggleik står på uprioritert gruppe i plan for forvaltningsrevisjon (2011-16).
Oppfølging av regional planstrategi	Enkelte gjev uttrykk for at fylkeskommunen i for liten grad klarar å hente ut dei ønskje effektane av dei regionale planane, til dømes innanfor område som næring og regional utvikling.	Risiko for manglande måloppnåing.		<p>Oppfølging av regional planstrategi vart peikt på som eit risikoområde i den overordna analysen i førre periode (2011-16).</p> <p>Det vert påpeikt i intervju at det ligg eit tydeleg oppfølgingsregime i sjølve planverket.</p>

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
HMT-systemet og inkluderande arbeidsliv	Det går fram av undersøkinga at det er tungvint og krevjande å klare å fylgje opp HMT-systemet i det daglege.	Manglande oppfølging av HMT-systemet gjer det systematiske helse-, miljø og tryggleiksarbeidet mindre effektivt.		
	Det går vidare fram at nokre opplever det er for lite kompetanse på det systematiske HMT-arbeidet.	Manglande avviksmeldingar kan føre til at ein ikkje får følgt opp uønskte hendingar som har oppstått.		
	Det går fram av undersøkinga at nokre opplever at det er utfordrande å følgje opp målet om inkluderande arbeidsliv.	Eit godt HMT- og nærvær-arbeid kan gje høgare produktivitet.		
	Det er ikkje tatt i bruk noko elektronisk HMT/-kvalitetssystem i fylkeskommunen.			
	Fleire i undersøkinga gjev uttrykk for at avviksmeldevrutinane i fylkeskommunen ikkje er tilstrekkelege i dag.			
Tilsettingar	Det vert i undersøkinga stilt spørsmål om stillingsannonser i fylkeskommunen vert utforma på ein måte som i for stor grad kan verke ekskluderande.	Risiko for at ein ikkje tilset dei beste potensielle kandidatane.		Det vert forklart i intervju at ein ved tilsettingar prøver å bruke god tid på å kvalitetssikre utlysningsteksten, og at fylkeskommunen har samarbeidd med tillitsvalte og utarbeidd retningslinjer for å handtere tilsettingar.
Forvaltning og vedlikehald av fylkeskommunale bygg	Det vert påpeikt i undersøkinga at fylkeskommunen forvaltar store eigedomsverdiar. Det er viktig med gode system for forvaltninga av denne eigedomsmassen når det gjeld det å ta vare på eller forvalte eigedomane til fylkeskommunen på ein god måte.	Manglande vedlikehald kan få store konsekvensar for brukarar av bygga, og for den fylkeskommunale økonomien.		Det har vorte gjennomført ein forvaltningsrevisjon i 2016 der ein såg på vedlikehald og inneklima i skulebygg.

## 2.2 Opplæring

Fylkeskommunen har 13 vidaregåande skular, med noko over 4200 elevar (sjå tabell 2 i vedlegget). Dei fleste skulane gir tilbod innanfor både studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram. Fylkeskommunen har også ansvaret for at i underkant av 1100 lærlingar og lærekandidatar får vidaregåande opplæring i bedrift.

KOSTRA-tala viser at Sogn og Fjordane fylkeskommune har høgare netto driftsutgifter til vidaregåande opplæring per innbyggjar mellom 16 og 18 år samanlikna med gjennomsnittet for alle fylkeskommunar i landet utanom Oslo i perioden 2013-2015 (sjå Tabell 3 i vedlegget).

Eit overordna styringsdokument for opplæringsområdet i fylkeskommunen er mål- og strategidokumentet «God – betre – best!» Her går det fram at elevane i den vidaregåande opplæringa har gode resultat, og at fylkeskommunen siktar mot å ha breidde og kvalitet i opplæringsprogrammet. Den største utfordringa på området er knytt til nedgang i elevtal og reduserte overføringar frå staten. I planen blir det peikt ut ulike prioriterte satsingar for den vidaregåande opplæringa, mellom anna:

- gjennomføring/Ny GIV
- skuleeigarrolla
- digital satsing
- klasseleiing
- rekruttering og stabilisering

Det er også utarbeidd ein «læringsplakat» som listar opp kva ansvar skulen og lærebedrifta har overfor elevar, lærlingar, lærarar, føresette og lokalsamfunnet.

I mai 2015 gjennomførte Fylkesmannen i Sogn og Fjordane tilsyn med Sogn og Fjordane fylkeskommune og Stryn og Firda vidaregåande skule der tema var forvaltningskompetanse og avgjerder om særskilt tilrettelegging.<sup>1</sup> Tilsyna avdekte fleire lovbrøt når det gjeld generelle sakshandsamingsreglar for enkeltvedtak, enkeltvedtak om spesialundervisning og enkeltvedtak om særskilt språkopplæring.

I juli 2014 gjennomførte Fylkesmannen i Sogn og Fjordane tilsyn med Sogn og Fjordane fylkeskommune og Eid vidaregåande skule der tema var skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa.<sup>2</sup> Tilsynet avdekte lovbrøt som gjaldt skulen sitt arbeid med opplæringa i fag, undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte og vurdering for særskilt språkopplæring.

Gjennom skriftleg tilbakemelding frå fylkeskommunen på førebels rapport har Fylkesmannen i tillegg avdekt lovstridig praksis kring rutinar for sakkunnig vurdering og enkeltvedtak om spesialundervisning. Dette skal fylkesmannen følgje opp på seinare tidspunkt.





---




<sup>1</sup> Fylkesmannen i Sogn og Fjordane – *Tilsynsrapport: Forvaltningskompetanse – avgjerder om særskilt tilrettelegging – Sogn og Fjordane fylkeskommune – Stryn vidaregåande skule*, mai 2015.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane – *Tilsynsrapport: Forvaltningskompetanse – avgjerder om særskilt tilrettelegging – Sogn og Fjordane fylkeskommune – Firda vidaregåande skule*, sak 2015/736

<sup>2</sup> Fylkesmannen i Sogn og Fjordane – *Tilsynsrapport: Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa – Sogn og Fjordane fylkeskommune – Eid vidaregåande skule*, sak 2014/2869.

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Mobbing/psykososialt læringsmiljø	<p>Mobbing har vore oppe som tema jamleg i fylkestinget.</p> <p>Det er innført ordning med elevombod som mellom anna skal arbeide med denne problematikken.</p> <p>Det vert peikt på at det er viktig at elevane som er utsett for mobbing får den hjelpa dei treng.</p>	<p>Kan ha alvorlege konsekvensar for dei elevane som vert utsett for mobbing.</p>		<p>Mobbing vart peikt på som eit risikoområde i den overordna analysen frå førre periode (2011-16)</p> <p>Data frå Skoleporten syner at tala for mobbing er om lag som snittet for landet (sjå figur 2 i vedlegget)</p> <p>Det blir også påpeikt i intervju at fylkeskommunen har arbeidd mykje for å sikre elevane sitt arbeidsmiljø (oppl. kap. 9a-1 til 9a-5).</p> <p>I 2014-15 vart det gjennomført forvaltningsrevisjon av læringsmiljø, med fokus på førebyggjande arbeid.</p>
Karriererettleiing og yrkesretting av fag	<p>Det er eit mål for fylkeskommunen at dei vidaregåande skulane skal stimulere ungdom til å gå inn i lokale yrke, og at det faglege innhaldet i undervisninga skal utviklast i samarbeid med arbeidslivet. Vidare er det eit mål at elevar og lærlingar skal få god karriererettleiing, mellom anna gjennom å gi kompetanseheving til dei som er involvert i yrkes- og karriererettleiing, og gjennom yrkesretting av faga.</p> <p>Det vert i undersøkinga peikt på at utdanningsprogramma var ein viktig del av arbeidet med skulebruksplanen.</p>	<p>Risiko for auka fråfall.</p> <p>Risiko for at det ikkje er arbeidsplassar i fylket til ferdigutdanna elevar, eller for at næringslivet ikkje får den arbeidskrafta som det er behov for.</p>		<p>Det vart i den overordna analysen frå førre periode (2011-16) stilst spørsmål ved kva som blir gjort for å tilpasse utdanningsprogram og opplæring til næringsliv og dei arbeidsplassane som er ledige.</p> <p>Fagopplæring og rettleiing var gjenstand for forvaltningsrevisjon i 2013.</p>

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Digitale verktøy og digital kompetanse	<p>Det vert stilt spørsmål ved om digitale læremiddel er innført i samsvar med planane, og om arbeidsverktøya som er i bruk er gode nok.</p> <p>Det blir også påpeikt at det er ein stor overgang frå dei «offisielle systema» til ulike sosiale medium i skulen, og at det er ulik praksis mellom dei ulike skulane.</p>	<p>Risiko for at dei digitale verktøya i undervisninga ikkje får ønskt effekt.</p> <p>Risiko for at elevane ikkje får den digitale kompetansen som dei bør ha.</p> <p>Bruk av sosiale medium kan føre til utfordringar knytt til informasjonstryggleik og etterleving av personopplysningslov.</p>	<p></p>	<p>Bruk av digitale verktøy og læremiddel vart peikt på som eit risikoområde i den overordna analysen i første periode.</p> <p>Det er gjennomført forvaltningsrevisjonar av NDLA i regi av Hordaland fylkeskommune (2015 og 2016).</p>
Spesialundervisning og tilpassa opplæring	<p>Det går fram av undersøkinga at det vert opplevd som vanskeleg å få gjennomført enkeltvedtak til spesialundervisning.</p> <p>Det går også fram at det kan vere utfordrande å sikre tilpassa opplæring for alle elevar i skulane.</p> <p>Det går fram at enkelte av skulane opplever at det er knapt med ressursar og kapasitet.</p>	<p>Risiko for at elevane sine rettar til spesialundervisning etter § 5-1 ikkje vert oppfylt.</p> <p>Risiko for at elevane ikkje får tilstrekkeleg tilpassa opplæring, jf. oppl. § 1-3.</p>	<p></p>	<p>Det vart gjennomført forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning i 2011.</p>
Opplæring i institusjonar	<p>Fylkeskommunen har plikt til å oppfylle retten til grunnskule- og vidaregåande opplæring for barn som er plassert i institusjon etter barnevernlova og i helseinstitusjonar som eit regionalt helseføretak eig.</p> <p>Det går fram av undersøkinga at det kan vere utfordrande å oppfylle denne plikta.</p>	<p>Risiko for at barn plasserte i institusjonar ikkje får den opplæringa dei har krav på.</p>	<p></p>	<p>Det går fram at det er faste ressursar som arbeider med ungdomspsykiatrisk klinikk ved Helse Førde for dei som ligg i lenger periodar på sjukehus.</p>
Oppfølgings-tenesta og helse og miljøretta tiltak ved vidaregåande skular	<p>Det vert påpeikt i undersøkinga at oppfølgingstenesta spelar ei svært viktig rolle i å hindre fråfall i vidaregåande skule. Frå politisk hald blir det påpeikt at ein ikkje har nok oversikt over korleis denne tenesta fungerer.</p> <p>Også skulehelsetenesta og andre helse- og miljøretta tiltak ved skulane er viktige for å fremje eit godt miljø for elevane.</p>	<p>Risiko for auka fråfall dersom tenestene ikkje fungerer som dei skal.</p> <p>Risiko for at elevar ikkje får den hjelpa dei har krav på.</p>	<p></p>	<p>Systematisk arbeid for å sikre et godt læringsmiljø/ skolemiljø var fokus for forvaltningsrevisjonen i 2015.</p> <p>Det vert påpeikt i intervju at skulehelsetenesta er vertskommunane sitt ansvar, og at det kan vere vanskeleg å samle systematiske data om innhaldet/kvaliteten i rådgevings- og skulehelsetenestene.</p>

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Fagopplæring – oppfølging av lærlingar	<p>Det vert påpeikt i undersøkinga at nokon ikkje opplever det er tilstrekkeleg med kunnskap om kor godt ein lukkast med å følgje opp lærebedrifter.</p> <p>Det vert også peikt på at fylkeskommunen skal stille krav i enkelte anbod om at leverandørar er lærebedrifter, og at dette kan vere eit aktuelt område å følgje opp.</p>	<p>Risiko for at fagopplæringa ikkje blir tilstrekkeleg god</p> <p>Risiko for fråfall</p>		I 2013 vart det gjennomført ein forvaltningsrevisjon knytt til fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbodet til lærlingar.
Opplæring av minoritets-språklege og særskilt språkopplæring	<p>Nyankomne ungdom har rett til vidaregåande opplæring dersom dei har gjennomgått opplæring på nivå med norsk grunnskule. Dei har og rett til særskild språkopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje vanleg opplæring i skulen.</p> <p>Det går fram at det kan være vanskeleg å sikre opplæring av minoritets-språklege.</p> <p>Det er ikkje alltid denne gruppa kjenner til rettane sine.</p>	Risiko for at elevar ikkje får den opplæringa dei har krav på.		I 2010 vart det gjennomført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt på dette området.
Opplæring av mindreårige asylsøkjjarar	<p>Mindreårige asylsøkjjarar har rett til vidaregåande opplæring dersom det er sannsynleg at dei skal vere i Noreg meir enn tre månader (oppl. § 3-1, tolvte ledd). Det går fram av undersøkinga at det kan vere utfordrande å sikre dette.</p> <p>Nyankomne ungdom har rett til vidaregåande opplæring dersom dei har gjennomgått opplæring på nivå med norsk grunnskule. Dei har og rett til særskild språkopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje vanleg opplæring i skulen.</p>	Risiko for at elevar ikkje får den opplæringa dei har krav på.		







## 2.3 Samferdsle

Innanfor samferdsleområdet har fylkeskommunen ansvar for m.a.

- overordna samferdsleplanlegging
- fylkesvegnettet
- trafikktrygging
- kollektivtilbodet
- løyve for persontransport
- tilrettelagt transport og serviceskyss

Det er fylkeskommunen som er eigar av fylkesvegnettet. Fylkeskommunen styrer den overordna og strategiske planlegginga, og prioriterer større investerings- og vedlikehaldsprosjekt. Statens vegvesen er vegadministrasjon, med ansvar for mellom anna prosjektgjennomføring, drift og vedlikehald av vegnettet.

Det går fram av KOSTRA-tala at Sogn og Fjordane fylkeskommune har høgare netto driftsutgifter i kroner per innbyggjar til samferdsle i alt samanlikna med gjennomsnittet for alle fylkeskommunar i landet utanom Oslo i perioden 2013-2015. Sogn og Fjordane har også høgare netto driftsutgifter i kr per innbyggjar når det gjeld fylkesvegar, bilruter, fylkesvegferger og båtruter samanlikna med alle fylkeskommunar i same periode (sjå Tabell 4 i vedlegget).

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Vegvedlikehald	Økonomi	Kan føre til stengde og i verste fall farlege vegar.		Vegvedlikehald vart peikt på som eit risikoområde i den overordna analysen i førre periode (2011-16).
Tilrettelagt transport/service-skyss	Det vert stilt spørsmål i undersøkinga om kommunane, som har ansvar for leggje til rette for serviceskyss kjenner til denne ordninga.  Det er ein del av kommunane som ikkje brukar dei tildelte midlane på området.	Risiko for at brukarar ikkje får dei tenestene dei har krav på.		TT/serviceskyss står på uprioritert gruppe i plan for forvaltningsrevisjon (2011-16).
Tunneltryggleik	I 2014 vart det vedteke forskrift for tunnel-sikkerhet. Det går fram av årsrapport for 2015 at tunnelvedlikehald er høgt prioritert, og det er vedteke ein eigen plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet.  Brannen i Skates-traumtunnelen i juni 2015 førte til store skadar.	Fare for alvorlege skadar på materiell og menneskeliv.  Store midlar vert brukte på området.		
Transportberedskap	Sogn og Fjordane er eit sårbart fylke når det gjeld transportberedskap. Det kan vere vanskeleg å få sett i verk alternative transportmiddel ved behov.	Manglande transportberedskap kan få store konsekvensar dersom det oppstår omfattande, langvarige stengingar av samferdsleårer		Dette temaet vart undersøkt i forvaltningsrevisjon av tryggleik og beredskap (2014-2015).

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Skuleskyss	Opplæringslova gjev retningslinjer for kva elevar som skal ha rett på gratis skuleskyss.  Det blir i undersøkinga stilt spørsmål ved om like saker vert behandla likt i søknader om skuleskyss.	Fare for manglande likebehandling.  Fare for at elevar ikkje får dei skysstenestene dei har krav på.	●	

## 2.4 Næring og kultur

Nærings- og kulturområdet er no slege saman til ei felles avdeling i fylkeskommunen. Avdelinga har ei rekkje ansvarsområde, m.a.:

